

ÅRSPLAN FOR  
PREG BARNEHAGER SYKKYLVEN AS  
2024 / 2025



Sammen om å sette verdifulle spor

## Velkomne til Preg barnehager Sykkylven

Barnehagen ligg fint til på Haugneset i Sykkylven. Ikkje langt frå sentrum og like ved eit naturområde med skog, sjø og grøntareal.

Barnehagen har to avdelingar. Skjorareiret med barn i alderen 3–6 år og Maurtua med barn i alderen 0–4 år.



Vår livssynsbestemmelse er slik:

Barnehagen skal i samarbeid med heimen gi barna kristen oppseding i eit godt og trygt miljø. Arbeidet med leik, læring og sosial kompetanse skal samla bidra til barnas allsidige utvikling. Våre verdiar skal gjenspegle ansvar og omsorg for menneske rundt oss både lokalt, nasjonalt og globalt.

## Kontaktinformasjon:

Dagleg leiar: Anita Elin Woldsund

Tlf dagleg leiar: 40 03 42 56

Tlf Skjorareiret: 40 03 73 23

Tlf Maurtua: 40 03 90 31

Mailadresse:

[sykkylven@pregbarnehager.no](mailto:sykkylven@pregbarnehager.no)

Heimeside:

<http://pregsykkylven.barnehage.no>

Når barna byrjar i barnehagen får foreldra sitt eige passord til Kidplan på mail. Her vert månadsplaner, vekeplaner, bilete og informasjon lagt ut.

Opningstid: 06.45 – 16.30

Det vert anbefalt at barna ikkje har lengre dagar enn 9 timar.

Barnehagen er stengd i romjula og i påskeveka.

Det er 5 studiedagar i løpet av barnehageåret. For 2024/2025 er dette følgjande dagar: 5.8, ein dag i september, 6.2, 31.3 og 30.5

## Presentasjon av Preg barnehager AS

Preg barnehager AS er ei ideell barnehagekjede som blir drive på vegne av Misjonssambandet. Barnehagane har ulik storleik og er spreidd rundt i store delar av Norge.

Preg barnehager AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbetre og styrke medlemsbarnehagane.

Lov om barnehager med forskrifter og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver bestemmer innhald og rammer for barnehagane våre. I samsvar med barnehagelovens § 1a andre ledd, blir barnehagane drivne med eit kristent formål. Visjonsdokumentet vårt og verdiplattformen ( sjå heimeside) fortel korleis det kristne formålet skal prege livet i barnehagane våre.

## VÅR VISJON

### *Sammen om å sette verdifulle spor*

Verdiane våre er laga med utgangspunkt i Visjonsdokumentet, som er eit felles dokument for alle Preg barnehagane. Verdiane våre er:

[Nestekjærleik – Likeverd – Mestring](#)

#### **Rammene for å drive barnehage Grunnlagsdokument**

Barnehagen sitt formål og innhald er fastsett gjennom [Barnehageloven](#) og Rammeplanen. Desse dokumenta er utgangspunkt for barnehagen si daglege drift og årsplanen byggjer på desse. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunlaget som er fastsett i barnehageloven og FNs konvensjon om barnet sine rettar.

Årsplanen inneheld ei oversikt over korleis barnehagane våre skal jobbe det komande året. Den er eit arbeidsdokument for personalet, og skal vise korleis vi arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Årsplanen skal også tydeleggjere progresjon og synleggjere korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt. Tema i periodane gjennom året blir det jobba ulikt med i barnehagane og i barnegruppene, avhengig av alderen til barna og deira modning. Barna vil få nye utfordringar i dei ulike periodane som vil gi utvikling av kunnskap og ferdigheiter. Årsplanen danner også utgangspunkt for pedagogiske planar og evaluering av periodane. Vurdering av det pedagogiske arbeid skjer blant anna gjennom bruk av evalueringar i personalgruppa, samtalar med barna, pedagogisk dokumentasjon, diskusjonar av praksis i ulike møter og evalueringar i Samarbeidsutvalet (SU).

#### **Kompetanseutvikling for Preg barnehager**

Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane ved å ta imot lærlingar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Styrarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statleg tilskot gjennom kompetanseordningar og tiltak er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.

Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrkjer kvaliteten i Preg barnehagene.

Preg barnehagene har utvikla ei handlingsplan for kompetanseutvikling, leiing og organisering. Du kan lese meir om våre fokusområde på [www.preg.barnehager.barnehage.no](http://www.preg.barnehager.barnehage.no) og lenger ute i årsplanen.

## Personalet ved Preg Sykkylven

Dagleg leiar: Anita Elin Woldsund

Pedagogisk leiar:

Tove Vemøy Flackè  
Anita Elin Woldsund  
Ole Petter Stenberg  
Grethe Ekelund  
Amalie Hjelseth Sunde  
Helene Mjeltevik

Fagarbeider:

Sonja Urke Torset  
Siv Berit Riksheim  
Nemia Basadre Rønneberg

Assistent:

Oddhild Bakke Nygård  
Wenche Johansen Kjersheim



## Barnehagen som ein lærande organisasjon

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forskning og kunnskap om barn, barndom, leik, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i stadig endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leiinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.

## Barnehagen sin pedagogiske plattform

### Måla i visjonsdokumentet

“Sammen om å sette verdifulle spor” er visjonen vår. I visjonsdokumentet er desse måla felles for alle:

- I barnehagane våre skal alle få oppleve ubetinga kjærleik
- I barnehagane våre skal alle vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle
- Med Jesus som førebilete skal vi møte alle med respekt og toleranse

Desse måla skal vi alltid ha for auge i alt arbeid vi gjer i barnehagen

Vi ynskjer å:

- Gi omsorg og merksemd til alle barna i barnehagen, alle skal bli sett og høyrte
- Fortelje at Gud har skapt oss til flotte barn og vaksne
- Seie til og vise barna at vi er glade i dei
- Vere venlege og rettferdige
- Framelske det positive hos barna, rose og verdsetje dei
- Anerkjenne at alle er forskjellige
- Kome barna i møte i alle situasjonar som oppstår og gi støtte

## Synet vårt på barn

I verdipattformen skildrar vi kva for relasjonar til barn som vi ynskjer å strekkje oss etter. Det einskilde barnet er eit unikt, fullverdig menneske som skal møtast med respekt, omsorg og kjærleik. Dei skal få hjelp til å utvikle eit sunt sjølvbilete og oppleve tryggleik og glede. Dei tilsette skal leite etter dei positive mogelegheitene i det einskilde barnet og elske fram desse. Vi vil vere vaksne som alltid har barnet sitt beste for auga. Dette skal ligge til grunn for alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet.

Vi ynskjer å:

- Gi barna nærleik og varme.
- Vere bekreftande overfor barna, løfte dei fram og snakke om verdien deira
- Lytte til barna og møte deira behov i både gode og vanskelege stunder
- Legge til rette for gode opplevingar
- Bygge eit godt fellesskap i barnegruppa som gir grobotn for venskap



## Vaksenrollen

Vi skal vere vaksne som byggjer ein positiv relasjon til barna og meistrar balansen mellom å vere varm og tydeleg. Vi skal sjå barnet sitt perspektiv og ha medverknad i fokus. Den vaksne utøver positiv grensesetting ut ifrå barnet sine føresetnader. Dette skal vere prega av varme og respekt for barnet. Det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen med barnet, og som alltid skal vere medviten dei verdifulle spora ein set.

Vi ynskjer å :

- Møte alle med respekt
- Vere tydelege og gi barna trygge og gode rammer i leik og andre aktivitetar
- Vere gode rollemodellar
- Gi barna verktøy til å gjere gode val
- Gi tid og rom for refleksjon

## Korleis arbeide med omsorg, leik, danning og læring?

Barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. I Preg barnehager sørger vi for at alle barn blir sett og inkludert slik at dei lærer og utvikler seg ut frå egne føresetnader.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen)

## Omsorg

Tryggleik er utgangspunktet for barna sin trivsel og læring. Difor kjem omsorg alltid i første rekkje. For å få trygge barn, er vi avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gir barna den omsorga dei har behov for.

Personalet i barnehagane våre skal ha fokus på korleis det einstilte barnet har det og leggje til rette for aktivitetar som inkluderer alle barn, der alle barn blir sett og høyrte. På ein slik måte set vi verdifulle spor.

Vi ynskjer å:

- Møte barna med varme og kjærleik når dei kjem i barnehagen, for å vise at vi er glade for å sjå dei og at dei er en viktig del av fellesskapet
- Vere støttande og tilgjengelege vaksne gjennom heile dagen.
- Møte alle barn med openheit og interesse
- Vise omsorg gjennom nærheit, at barna får lov til å sitte på fanget, bli trøysta og forstått, få rom og tid til å bearbeide egne opplevingar gjennom kjensla av å bli høyrte, sett og tatt på alvor.
- Opparbeide et godt samarbeid med foreldre for å få barnas kvardag til å henge saman

## Leik

Leik er den viktigaste aktiviteten for barna si utvikling og læring, samtidig som den er eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheiter. Når barna inngår i eit leikefelleskap, dreg dei nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspel med kvarandre og med dei vaksne blir eit godt miljø for glede, læring og utvikling skapt.

Leikemiljøa i barnehagane våre skal vere inkluderande, allsidige og stimulerande. Dei vaksne skal vere deltakande og støttande i barna sin leik.

Vi ynskjer å:

- Skape eit fysisk miljø der varierte leiker er plassert tilgjengeleg for barna.
- Gi barna hjelp og støtte i leiken slik at dei kan meistre samspelet med kvarandre
- Inspirere til variert og fantasifull leik til dømes ved å fokusere på månadens tema
- Variasjon mellom roleg og aktiv leik for barn i ulike aldrar
- Vere merksam på barnas interesser og ta utgangspunkt i desse ved tilrettelegging for leik

## Danning

I fellesskap med andre utviklar barnet identitet og sjølvstende. Barn samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva for tilbakemeldingar dei får av andre og kva dei opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individ med tankar, kjensler og intensjonar, og støtte barna sine forsøk på å skape meining i den verda dei er ein del av.

I barnehagane våre skal barna få kunnskap som er med på å utruste dei til å ta gode val i livet. Dette er ein del av ei livslang læring og ein prosess som handlar om kven ein er og korleis ein er i møte med andre menneske. Vi ynskjer å sette verdifulle spor i barna på en slik måte at dei sjølv føler seg verdifulle og at dei er gode nok som dei er. På den måten kan dei ta med seg sine erfaringar som eit grunnlag å byggje vidare på i livet.

Vi ynskjer å bidra til at barna skal kunne:

- Reflektere over eigne handlingar og veremåte
- Ta gode val i daglege situasjonar som dei kjem opp i
- Handle omsorgsfullt overfor medmenneske
- Takle både glede og skuffelse



## Læring

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Personalet skal støtte barna sin nysgjerrighet, kreativitet og lysten til å vite noko nytt, og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskaper og ferdigheiter. (Barnehageloven § 2)

Kvardagen i barnehagane våre skal vere prega av utforskning og leik, der barna tileignar seg ny kunnskap og nye ferdigheiter. Barnehagen skal leggje til rette slik at barna får gode meistringsopplevingar innanfor trygge rammer. Vi ynskjer å sette verdifulle spor med tilsette som har god relasjonskompetanse og tid for læring.

Vi ynskjer å ha fokus på læring gjennom:

- Kvardagssituasjonar som måltid, samling, leik og av- og påkledning. Dette er situasjonar der barna tileignar seg ny kunnskap, får nye erfaringar og utvikler språk og sosiale ferdigheiter.
- Vi har kvar månad eit tema der det er sett nokre mål for kva barna skal lære og oppleve/erfare i løpet av denne perioden. Evaluering av om ein har nådd måla ved månadens slutt.
- Førskulebarna har faste samlingar gjennom året med ulike oppgåver og aktivitetar. Målet er at dette skal vere skuleførebuande og vere med å gi dei ein god overgang til skulen.
- Samspel med andre. Vi vil vere tilstades for barna og gi dei gode verktøy for å kunne fungere godt saman med andre.

## Barns medverknad

I Preg barnehager skal barna få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Barn skal få tid og rom til innspel som bidrar til at dei opplever å påverke sin eigen kvardag. I barnehagane våre skal barna kjenne at dei har ei verdifull og viktig stemme inn i eit fellesskap som er trygt og inkluderande for alle. Personalet sitt syn på barnet og sin eigen rolle som vaksen vil ha verknad for korleis barn opplever medverknad i kvardagen.

Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre og fremje barna sin nysgjerrigheit og undring over likskapar og ulikskapar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den einkilde sin plass og verdi i fellesskapet.  
(Rammeplanen)

Vi ynskjer å:

- Vere tilstedeverande, lyttande og interesserte vaksne som er lydhøyre for barnas innspel og kva dei er opptatt av slik at barna får medverke i sin eigen kvardag
- Lytte til barna og prøve å forstå deira måte å tenke på og ha respekt for deira innspel
- Motivere barna til å bli sjølvstendige ved å la dei få prøve sjølv
- Legge til rette for aktivitetar og leik med utgangspunkt i barnas interesser, undring og opplevingar
- Skape rom for sjølvvalde aktivitetar

## Plan for det kristne innhaldet

Preg barnehager har eit kristent livssynsgrunnlag, som blir utdjupa i verdidokumentet vårt. Det betyr at barna i barnehagane våre får ein barnehagekvardag basert på kristne og humanistiske verdiar. Formålet vårt, visjonen vår og verdiane våre er felles for alle Preg barnehager. Dette skal vere grunnlaget for dei val vi gjer, både i kvardagsaktivitetar og i andre planlagde aktivitetar.

Vi ynskjer å:

- La barna få bli kjent med Jesus gjennom bibelforteljingar, song og samtale
- Vise barna respekt og hjelpe dei å utvikle eit sunt og trygt sjølvbilete
- Lære barna å vise respekt og omsorg for kvarandre
- Fokuserer på barn i andre land som ikkje har dei same sjansane som barn i Norge har. At alle kan hjelpe litt dei som veks opp under vanskelege kår.
- Hjelpemidler vi bruker er blant anna « Kort og godt », « Smått og godt » og Solkollen pedagogiske idéhefter





## Tilknytning og relasjonsbygging

### Oppstart i barnehagen:

Vi ynskjer å legge til rette for at barn og foreldre skal få ein god start i barnehagen. Det er viktig for oss at vi får bli kjent med barnet og at barnet kjenner seg trygg saman med personalet og dei andre barna i barnehagen. Det er også viktig å bli godt kjent med foreldra og å etablere eit gjensidig tillitsforhold. Her er nokre stikkord for dei første dagane i barnehagen.

- Ein kontaktperson vil ta imot barn og foreldre i barnehagen. Ho/han vil ha eit særleg ansvar for ditt/dykkar barn.
- Første dagen kjem de i barnehagen til avtalt tid og blir til kl 11.30. Denne dagen er det de som bytter bleie, kler på/av barnet osv. Personalet er saman med dykk og får informasjon om barnet. Barnet et føremiddagsmat her men søv ikkje i barnehagen denne dagen.
- Andre dagen er de i barnehagen til barnet har sove middag. Det er de som legg barnet og orienterer personalet om korleis barnet brukar å ha det ved legging. De er her til de tek med barnet heim etter sovetid.
- Etter kvart legg personalet barnet. Det viktigaste er at barnet kjenner seg trygg. Så avtaler vi vidare kva som passer for ditt/dykkar barn. Vi anbefaler at de set av fem dagar til tilvenning dersom det er mogeleg. Det er ulikt kor lenge barna treng for å kjenne seg trygge i barnehagen. Vi må heile tida ha ein dialog med dykk foreldre om dette.

Etter at barnet har gått i barnehagen nokre dagar vil vi gjerne ha ein samtale med dykk. Då kan vi ta opp det som måtte vere aktuelt for dykk som foreldre og for barnehagen, og avtale kva som passer vidare i tilvenninga for ditt barn.

## Overgang til ny avdeling:

- Tida framover mot sommaren blir brukt til at dei barna som skal skifte avdeling får bli litt kjent med si nye avdeling. Nokre føremiddagar vil barna gå på besøk til Skjorareiret saman med ein vaksen på Maurtua. På Skjorareiret får dei leike inne saman med nokre av barna som går der. Dei får gjere seg betre kjent med lokalet, leikene, barna og personalet.
- Vi blir også saman ute i barnhagen framover våren og sommaren og får bli kjent med kvarandre på den måten.

## Planer for overgangar i barnehagen

- Ved overgang til ny barnehage og overgang til skule er det overgangssamtalar mellom gamal og ny barnehage og mellom barnehage og skule. Informasjonsutvekslinga skal godkjennast av føresette. Kommunen har eigen plan for overgang for barn med særlege behov.



### Eit trygt og godt psykososialt miljø

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Den skal vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering. Personalet skal vere merksame på eigne haldningar og åtferd, både i forhold til åtferd som kan verke krenkjande og ved bruk av makt og tvang. Personalet skal handtere og følge opp uønskete situasjonar, \*jfr Barnehagelova kap. 8, § 42. Det skal utarbeidast ei skriftleg plan i samsvar med aktivitetsplikta.

Vi

Vi ynskjer:

- At alle skal oppleve livsglede og meistring. SOLID START SYKKYLVEN er ein viktig del av dette arbeidet
- At alle skal få hjelp i utviklinga av sosial og emosjonell kompetanse. Vi bruker «Mitt val» som utgangspunkt
- Vi har handlingsplan for forebygging og handtering av mobbing

### Inkludering

I Preg barnehager skal alle barn kjenne seg elska og verdsett som viktige deltakarar i fellesskapet. Vi arbeider med mangfald og inkludering som ein heilskapleg del av kvardagen, og målet vårt er at alle barn skal oppleve tryggleik og varetaking. Vi arbeider dagleg for å gi opplevingar som set verdifulle spor.

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremme nestekjærleik. (Rammeplan)

Barnehagen skal vera ein inkluderande arena der barn kan knyte vennskap, trivest, utvikla seg og lære. Alle barn skal få delta ut frå føresetnadene sine. Vi skal bidra til å styrkje barns identitet, og skape fellesskap der det er rom for alle.

### Progresjon

Progresjon er ein prosess som ifølgje rammeplanen skal rette seg mot barna sine opplevingar, leik og læring. Det er difor dei tilsette si rolle å finne barnet sitt utgangspunkt, og byggje vidare på dette slik at kvart barn får akkurat passe utfordringar, og ein god progresjon. Dei vaksne i barnehagane våre skal sikre progresjon ved å vere til stades og sjå barna i meistringsaugneblink, dokumentere og hjelpe dei til vidare utvikling. Tilrettelegging i planleggingsfasen er viktig med tanke på gruppeinndeling etter interesse, kunnskaper, ferdigheiter og sjølvstøtt barnet sine eigne ønskjer. Barna i barnehagane våre må få ulike utfordringar og dei skal oppleve at dei stadig lærer meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å kunne strekkje seg etter nye mål. Progresjon skal følgje barnet si utvikling og ikke ei bestemt aldersgruppe.

Barnehagen sin progresjonsplan – Sjå heimeside

Som tidlegare nemt har Preg barnehagene utvikla ei handlingsplan for kompetansutvikling, leiing og organisering.

Vi vil ha fokus på:

System for samspelkvalitet – Emosjonell støtte

I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar. Rammeplanen kap. 3

I Preg konsernet har vi valt å jobbe med nokre felles område for alle barnehagar. Vi ynskjer å støtta oss til \*Pianta og Hamre og tankane med at barns utvikling og læring skjer i relasjon med andre barn og gode trygge vaksne. Dei har laga eit rammeverk for interaksjon (\*TTI rammeverket) som systematisk ser på korleis ein kan jobbe godt med relasjonar for å fremja utvikling og læring. (\*Class)

\*Class er ei forkorting for \*Classroom \*Assessment Scoring System (\*CLASS; La Paro, K., Hamre, B.K., & Pianta R.C., 2012) Dette er eit observasjons- og refleksjonsverktøy som er utvikla for å måle samspelkvaliteten mellom tilsette og barn i barnehagen. Hovudfokuset er på vaksenrolla og på ansvaret til den vaksne for å legge til rette for og støtte alle barns utvikling av tryggleik, læring og trivsel.

\*CLASS systematiserer samspelkvaliteten over ti indikatorar, fordelt på tre domene. Domena er Emosjonell støtte, Organisering og leiing og Læringsstøtte. I Preg barnehagar innfører vi dette til refleksjon og systemet for kompetanseheving trinnvis, i løpet av ein treårs periode. Fokuset for barnehageåret 2024/2025 vil vere domenet Emosjonell støtte. Emosjonell støtte har fire indikatorar:

1. Positivt klima. Barn og vaksne viser respekt overfor kvarandre, eit miljø som blir prega av entusiasme og glede, smil og latter.
2. Negativt klima. Negative kjensler mellom vaksen og barn, eller barna imellom. Unngår straff, sinne, truslar og audmjukingar.
3. Tilsettes sensitivitet. Merksame vaksne som legg merke til og møter behovet, kjenslene og uttrykka til barna med gode reaksjonar.
4. Barns perspektiv og medverknad. Omsyn til interessene, motivasjonen og synspunkta til barna. Oppmuntre til at barna tek ansvar og støtte sjølvstende.

### Satsingsområdet for personalet i Preg barnehager Sykkylven:

«I planlegging av barnehagens innhald skal vi ha fokus på aktivitetar som er med på å bygge fellesskap mellom barn»

### Satsingsområde for barnegruppa:

Barnehagen skal legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap mellom barna.

Sjølvkjensla til barn skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

For barnehageåret 2024/2025 vil Preg Sykkylven også jobbe med følgende:

#### 1. Nærmiljø og samfunn

Vi vil ha særleg fokus på:

- At barna skal bli kjende med sitt eige nærmiljø, lære å orientere seg og ferdast trygt.
- Med utgangspunkt i barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen skal dei få erfare at dei også kan vere med å delta i samfunnet.
- Barna skal bli kjent med ulike institusjonar i nærmiljøet og kjenne tilhørighet i eiga bygd.

#### 2. Solid Start Sykkylven

Vi skal legge til rette for fysisk aktivitet . Målet er å fremje helse, utvikling og læring. Og skape gode relasjonar mellom barna. Dette er felles for alle barnehagane i Sykkylven kommune og eit opplegg som har tidleg innsats og aktivitet for alle som hovedfokus. Det er eit samarbeid med kommunal fysioterapeut og ergoterapeut. Solid Start Sykkylven er med på å legge grunnlaget for utvikling av ferdigheiter som skal gjere barnet meir moden og klar for læring ved skulestart.

#### 3. Sykkylven – ei trafikksikker kommune

Som ein del av satsinga til Sykkylven Kommune er barnehagane i bygda også med på å jobbe mot ei trafikksikker kommune. Ein kan alt frå barna er små vere med å skape gode haldningar og gi kunnskap om å ferdast i trafikken på ein god og trygg måte. Det er svært viktig å ha med foreldra på laget i dette arbeidet. Som vaksne er vi barnas rollemodellar.

Mål:

- Styrke og utvikle gode haldningar til trafikk og åtferd i trafikken.
- Hjelp barna med å bli sikre og ansvarsfulle trafikanter.
- Dei vaksne skal vere gode rollemodellar.

## Planlegging, dokumentasjon og vurdering

### Felles overordna grunnlag

Årsplanen skal gi informasjon om korleis barnehagelovens føresegner om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Det skal bli lagt til rette for at barn, foreldre, barnehagen sitt personale og eigarar kan delta i planlegging, dokumentasjon og i vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemnd. Behova til barnegruppa og einskildbarnet skal observerast og vurderast fortløpande.

- Barnehagens eigar har i samarbeid med alle styrarane i Preg barnehager utarbeidd ein felles mal for årsplanen
- Styrar utarbeider i samarbeid med resten av personalet eit forslag til årsplan for vår barnehage
- Før denne blir godkjent i samarbeidsutvalet har alle foreldre høve til å uttale seg om planen.
- Dei pedagogiske leiarane har hovedansvar for månadsplanen
- Vekeplaner vert utarbeidd på avdelingsmøte i starten av månaden. Heile personalet på avdelinga er med. Barnas interesser, føresetnadar og behov er viktige i planlegginga.
- Planane er tema på alle avdelingsmøter utover månaden. I tillegg tek vi opp behov i barnegruppa og hos enkeltbarn.
- Alle planer tek utgangspunkt i våre fokusområde
- Alle planer vert lagt ut på Kidplan. Vekeplaner vert også hengt opp i garderoben.
- Arbeidet vert vurdert fortløpande og ei samla evaluering i slutten av kvar månad

## Samarbeid

### Eigar av Preg barnehager

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehageloven § 7 første ledd.

Preg barnehager og den einskilde barnehage samarbeider systematisk om å gi barna eit barnehagetilbod av god kvalitet. Dette er nedfelt i Preg barnehager sine Fokusområde.

### Eigarstyret

Skal ta hand om eigaroppgåvene, til dømes organisering, budsjett og andre avgjerder som gjeld drifta av verksemda. Slike avgjerder vil også gjelde fastsetjing av vedtekter. Dagleg leiar ved barnehagen er sekretær.



### Foreldresamarbeid

Personalet i barnehagen har ansvar for å vere opne, og skape tillit og tryggleik i høve til foreldra. Foreldra i barnehagane våre skal oppleve at dei blir sett og at dei blir tatt på alvor. Gode relasjonar til foreldra, med kommunikasjon som er prega av respekt og varme, er avgjerande for eit godt foreldresamarbeid.

Både foreldra og personalet må forhalde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen sitt ansvar å forvalte.  
(Rammeplanen)

Vi ynskjer å:

- Bygge ein god relasjon til foreldra slik at vi kan få til eit godt samarbeid om barnet
- Bruke tid på samtale og å bli kjent når barn og foreldre er nye i barnehagen
- Legge vinn på å bygge tillit ved barnehagestart slik at alle kan kjenne seg trygge i situasjonen
- Dra nytte av kvarandre sin kompetanse for å gi barna ein best mogeleg kvardag
- Legge vinn på god informasjon
- Ha respekt for alle og vise omtanke
- Forståing og respekt for at folk har ulike trusler, tradisjonar og kultur

### Forelderådet

- Består av alle foreldre/ foresatte til alle barna i barnehagen.
- Skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og foreldregruppe skaper et godt barnehagemiljø.

### Samarbeidsutvalet

Består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen. Kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta med like mange representanter som dei andre gruppene.


- Skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ.

Kven som har verv i forelderåd, samarbeidsutval og adventsfestkomité vert opplyst på heimesida i referat frå første foreldremøte om hausten.

Vi har eit godt samarbeid med Sykkylven kommune. Alle barnehagestyrarar i kommunen møtes månadleg til styrarnettverk og samarbeid om innhald og kvalitet i barnehagane.

Vi har fagmøter med jamne mellomrom der helsestasjon, barnevern og PPT og fysioterapeut/ergoterapeut er representert.

PPT har faste trefftider ved barnehagen.  
Vi har samarbeid med flyktningekontoret.



Årsplanen godkjend i samarbeidsutvalet 14.5.24

## TEMA I AUGUST

Vi blir kjent med kvarandre og fungerer saman i ei gruppe



### Månadens song

Vi tek kvarandres hender og  
set oss i ein ring.  
Vi er ei mengd med søsken, det  
skil oss ingenting.

For Gud er far til alle og jorda  
er vår stad.  
Og alle, alle menneske vil vi til  
vener ha.

Takk gode Gud for jorda og  
menneska især.  
Gjer ei familie av oss den tid vi  
lever her.  
For Gud er far til alle og jorda  
er vår stad.  
Og alle, alle menneske vil vi til  
vener ha.

Torbjørn Egner

### SKJORAREIRET

6.45 Barnehagen opnar  
Fram til kl 7.30 er alle ilag på  
Maurtua.  
8.00 Frukost for dei som ynskjer det  
9.30 Morgenmøte eller samlingsstund  
    Inneleik eller uteleik / aktivitet  
10.10 Garderobestund  
10.30 Måltid  
11.30 Inneleik eller uteleik  
13.30 Måltid m/frukt  
16.30 Barnehagen stengjer

### MAURTUA

6.45 Barnehagen opnar  
8.00 Frukost for dei som ynskjer det  
8.30 Morgensamling  
9.30 Vi går ut.  
10.30 Vi går inn - garderobestund  
11.00 Måltid  
11.30 Soving/ leik/samling/ aktivitet  
inne eller ute  
13.30 Måltid m/frukt  
16.30 Barnehagen stengjer



# AUGUST

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
31				1	2	3	4
32	5 Studiedag Bhg er stengt	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14	15	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	




## TEMA I SEPTEMBER

Vi blir kjent med kvarandre og fungerer saman i ei gruppe

Barna er med dei vaksne på enkelte arbeidsoppgåver på avdelinga gjennom heile året. Dei skal få erfare at dei har litt ansvar og på den måten kjenne at deira innsats er viktig. Dette gir godt høve til kontakt med det enkelte barnet, noko vi ser på som svært viktig. Den nære kontakta med kvart enkelt barn vil vi legge vekt på både i kvardagsaktivitetar, frileik og faste aktivitetar. På Skjorareinet er kvart barn ordensvakt ei veke i gongen.

*Den som bringer solsiknn inn i andres liv, kan ikkje holde det borte fra seg selv.*

*J M Barrie*



### Månadens song

#### Vil du være vennen min

Vil du være vennen min  
kom og gi meg hånden din  
trala la, trala lei.

Vil du være vennen min  
så kom og gi meg hånden din  
trala la, trala lei.

Hooga boga boga boga boga  
jeg vil være venn med deg  
ha ha ha  
ja det vil jeg.



# SEPTEMBER

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
35							1
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	16	17	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29
40	30						

## TEMA I OKTOBER

Bli kjent i området nærmast barnehagen,  
lære å orientere seg og ferdast trygt.

Berlihuset



*Viss du gleder deg ved mangt, gjør det livet  
rikt og langt.*

*Piet Hein*

## Månadens song

### Helt ifra jeg lå i mammas mage

Helt ifra jeg lå i mammas mage  
Hadde Gud en plan for meg, hei hei. (x2)

Han skapte mine ører, Øyne, nese, munn.  
Han gjorde meg til og med litt rund.  
Gud skapte meg faktisk helt lik seg selv  
Helt underbar!

Helt ifra jeg lå i mammas mage hadde  
Gud en plan for meg, hei hei.



# OKTOBER

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
40		1	2	3	4	5	6
41	7	8	9	10	11	12	13
42	14	15	16	17	18	19	20
43	21	22	23	24	25	26	27
44	28	29	30	31			

## TEMA I NOVEMBER

Bli kjent i nærområdet  
og kunne bidra positivt

BUAS og Bedehuset



## VISJON

SAMMEN OM Å SETTE  
VERDIFULLE SPOR

I våre barnehager skal alle få  
oppleve ubetinget kjærighet

*Glede drar glede med  
seg*

*Bjørnstjerne  
Bjørnson*

## Månadens song

### Se regndråper faller

Se regndråpen faller fra skyen ned

Tippe tapp tapp tapp

Tippe tapp tapp tapp

Og skyen den seiler så glad av sted

Tippe tapp tapp tapp

Tippe tapp tapp tapp

Og blomstene strekker seg opp på tå

Tippe tapp tapp tapp

Tippe tapp tapp tapp

Litt regn er det sannelig godt å få

Tippe tapp tapp tapp

Tippe tapp tapp tapp

# NOVEMBER

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
44					1	2	3
45	4	5	6	7	8	9	10
46	11	12	13	14	15	16	17
47	18	19	20	21	22	23	24
48	25	26	27	28	29	30	

## TEMA I DESEMBER

### Advent og jul

#### SANDNØTTER

240 g margarin

2 dl sukker

2 egg

1 ts vaniljesukker

2 ts bakepulver

3 dl potetmjøl

6 dl kveitemjøl

Rør smør og sukker kvitt. Ha i eit egg om gongen og rør. Ha i alt det tørre og kna godt. La gjerne deiga stå i kjøleskap over natta. Rull ut små kuler og set på plate.

Steik på 175 grader til dei er lysebrune.

LYKKE TIL!



I adventstida har vi adventsstund med barna, vi har adventskalender, baker julekaker og fortel juleevangeliet. Barna får også lage nokre enkle julegåver.

#### Månadens song

Eg har ei gåve i handa mi  
Som eg ve at du ska ha  
Den e kje so dyr den e kje so fin  
Men eg håpa at du blir gla

Eg har et julehjerte til deg  
Som du kan henge på ditt juletre  
Det kan du sjå på og tenke på meg  
Som e so uendelig gla i deg

Trede e pynta og jula e her  
Eg huska så godt det du sa  
Den gongen du kom me ein gåve te meg  
Et julehjerte du ga

Eg fikk et julehjerte av deg  
No har eg hengt det på mitt juletre  
Og når eg ser det so minnas eg  
At eg va so uendelig gla i deg

Jula e tida for glede og song  
Ei høgtid for store og små  
Om han som låg i krybba ein gong  
Som stjerna lyste på.

Eg har et julehjerte til deg  
Som du kan henge på ditt juletre  
Det kan du sjå på og tenke på meg  
Som e so uendelig gla i deg

Vilde Hjelle / Anna K L Naustdal

# DESEMBER

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
48							1
49	2	3	4	5	6	7	8
50	9	10	11	12	13	14	15
51	16	17	18	19	20	21	22
52	23	24	25	26	27	28	29
1	30	31					



## TEMA I JANUAR


### UngGlobal Sentral-Asia



### UngGlobal

Misjonssambandet utarbeider kvart år eit opplegg for barnehagebarn frå eit land i Afrika, Asia eller Sør Amerika. Vi får lære om land og skikkar, barn i dette landet, mat, dyr og om arbeidet som Misjonssambandet driv blant barn i dette landet.

I den samanheng lager barnehagebarna på Skjorareiret ein del gevinstar som dei lodder ut. Det blir kakesalg og tombola for begge avdelingane ein ettermiddag. I år lærer vi om Sentral Asia. Inntekta av arrangementet går til å hjelpe barn der.



### Månadens song

Når vi deler med en venn, tennes lys i himmelen!  
Tenn et lys for fred, for tro og håp og  
kjærlighet! 2X

I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden  
og havet.

Han så at det var godt, han sa det var en gave.  
Takk for livet vi har fått.

Hjelp oss dele stort og smått. Dele stort og  
smått!

I begynnelsen skapte Gud stjernene og månen  
og lyset.

Han så at det var godt, nå trenger ingen fryse.  
Takk for livet vi har fått.

Hjelp oss dele stort og smått. Dele stort og  
smått!

I begynnelsen skapte Gud fiskene og fugler på  
himlen. Han så at det var godt.

Han så hvert dyr i vrirmlen.

Takk for livet vi har fått.

Hjelp oss dele stort og smått. Dele stort og  
smått!

Eivind Bjorvatn

# JANUAR

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	Søndag
1			1	2	3	4	5
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31		

## TEMA I FEBRUAR

Kjenne tilhørighet i eiga bygd

Kommunehus og ordførar



### Månadens song

Se opp, snør det?  
Ja, det gjør det,  
tett i tett i tett.  
Snø i munn og nese.  
Snø i hele fjeset.  
Se opp, snør det?  
Ja, det gjør det.  
Tett i tett i tett.

*Ingen glede kan måle seg med den  
å treffe en gammel venn,  
det måtte da være å få en ny.*

*Rudyard Kipling*



# FEBRUAR

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	Søndag
5						1	2
6	3	4	5	6 Studiedag Bhg er stengt	7	8	9
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28		

## TEMA I MARS

Bli kjent med ulike  
institusjonar i nærmiljøet

Biblioteket



## Månadens Song

Her sitter vi og ror  
i vår lille båt.  
Sjøen er stor, veldig stor  
og det går i bølger.  
Stor bølge, liten bølge 3x  
Sjøen går i bølger.

Vi markerer barna sine  
fødselsdagar i barnehagen. Ved å  
lage krone, synge  
fødselsdagssong, flagge og lage  
eit koseleg måltid skal dei små  
jubilantane få ein fin dag.



*Eit barn er eit fullenda  
meisterverk av Skaparens  
kunstnarhand*

*Trygve Bjerkrheim*



# MARS

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	Søndag
9						1	2
10	3	4	5	6	7	8	9
11	10	11	12	13	14	15	16
12	17	18	19	20	21	22	23
13	24	25	26	27	28	29	30
14	31 Studiedag Bhg er stengt						


## TEMA I APRIL

Påske og vår



### BARNEBØN

Kjære Gud ta handa mi.  
Slepp ho aldri ut av di.  
Lei meg på din veg kvar dag.  
Gjer meg trygg og god og glad.  
Amen



### MÅNADENS SONG

På Golgata stod det et  
kors.  
Jesus døde på korset.  
I hagen var det ei grav.  
Jesus lå i den graven.  
Men korset er tomt, graven  
er tom, Jesus stod opp og  
han lever 2x



# APRIL


veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	Søndag
14		1	2	3	4	5	6
15	7	8	9	10	11	12	13
16	14	15	16	17	18	19	20
17	21	22	23	24	25	26	27
18	28	29	30				



## TEMA I MAI

17 mai

Kva skjer i naturen i området  
rundt barnehagen.  
Humlestien



17 mai har  
barnehagen eiga fane  
i 17 maitoget.  
Velkomen til å gå  
saman med oss!

### Månadens song

Ja, vi elsker dette landet  
som det stiger frem,  
furet, værbit, over vannet,  
med de tusen hjem.  
Elsker, elsker det, og tenker  
på vår far og mor  
og den saganatt som senker  
drømme på vår jord,  
og den saganatt som senker,  
senker drømme på vår jord.

Bjørnstjerne Bjørnson

# MAI

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	Søndag
18				1	2	3	4
19	5	6	7	8	9	10	11
20	12	13	14	15	16	17	18
21	19	20	21	22	23	24	25
22	26	27	28	29 Kristi Himmelfartsdag	30 Studiedag Bhg stengt	31	

## TEMA FOR JUNI

Bli kjent med ulike institusjonar i  
nærmiljøet  
Ambulansestasjonen  
Sykkylven kyrkje



*Nestekjærleik  
Likeverd  
Meistring*

## Månadens song

Lille måltrost lille måltrost  
hvorfor er du så glad  
Lille måltrost lille måltrost  
hvorfor er du så glad  
Jo fordi jeg har rede som ingen  
vet av  
Langt inni skogen den grønne

Lille måltrost lille måltrost  
hvorfor strever du så  
Lille måltrost lille måltrost  
hvorfor strever du så  
Jo fordi jeg må finne litt mat til  
de små  
Langt inni skogen den grønne


Alf Prøysen

# JUNI

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	Søndag
22							1
23	2	3	4	5	6	7	8
24	9	10	11	12	13	14	15
25	16	17	18	19	20	21	22
26	23	24	25	26	27	28	29
27	30						

## TEMA FOR JULI

Sommar



Riktig god sommar til  
alle og  
takk for i år!



## Månadens song

Sommer kommer, sommer  
kommer, sol og regn og  
latter og sang! Sol og regn  
og latter, ha-ha-ha,  
latter, sol og sang.

*En venn er noe av det  
fineste du kan ha.  
Og det fineste du kan være.*



# JULI

veke	mandag	tirsdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
27		1	2	3	4	5	6
28	7	8	9	10	11	12	13
29	14	15	16	17	18	19	20
30	21	22	23	24	25	26	27
31	28	29	30	31			